



Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Kommunar med areal i villreinområde
j.fr. liste

Dykkar ref.:

Vår ref. (synast til ved svar):V-21_7-2

Dato: 04.05.2021

KUNNGJERING

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har gjort vedtak om fellingskvote i 5 villreinområde i fylket. Det er tildelt løyver i tre av fem område. Eit eller fleire av desse villreinområda ligg i din kommune. Kan de legge vedlagte kunngjering under nyhende på dykkar internettside? De kan legge ut heile teksten eller evt. redigere for det som gjeld dykkar kommune.

Bed om orientering med lenke til saka når den er lagt ut.

med helsing Sogn og Fjordane villreinnemnd

Siri Wølneberg Bøthun
sekretær

Adressatar:

Årdal kommune
Lærdal kommune
Luster kommune
Gloppen kommune
Stryn kommune
Sunnfjord kommune
Askvoll kommune

Kopi til:

Sogn Avis
Firda

FELLINGSKVOTER FOR VILLREIN 2021, FASTSETT AV VILLREINNMENDA FOR SOGN OG FJORDANE

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane har i møte 13.04.2021, gjort fylgjande vedtak:

SVARTEBOTNEN VILLREINOMRÅDE

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda fellingskvoten for Svartebotnen villreinområde til 15 løyver for jakta 2021. Jfr. § 29, og gjeldande bestandsplan er løyva tildelt som frie, men uttaket skal fordelast på kjønn og alder slik: 33% vaksen bukk (5 dyr), 33% simle eller ungdyr (5 dyr), 33% kalv (5 dyr).

SUNNFJORD VILLREINOMRÅDE

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda fellingskvoten for Sunnfjord villreinområde til 3 løyver for jakta 2021. Løyva skal fordelast jfr. § 29 slik: fritt løyve: 1, simle/ungdyr: 2.

FØRDEFJELLA VILLREINOMRÅDE

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 28 fastset villreinnemnda fellingskvoten for Førdefjella villreinområde til 10 løyver for jakta 2021. Jfr. § 29, vert løyva tildelt som frie løyver, uttaket skal følgje fordelinga på kjønn og alder i bestandsplanen, det vil seie 20% vaksen bukk (2 dyr), 40% simle eller ungdyr (4 dyr), 40% kalv (4 dyr).

LÆRDAL/ÅRDAL VILLREINOMRÅDE

Villreinnemnda tildeler ikkje fellingskvote til Lærdal-Årdal villreinområde for jakta 2021, då ein ikkje finn det forsvarleg ut frå prinsippet om å hauste frå naturen sitt overskot.

VEST-JOTUNHEIMEN VILLREINOMRÅDE

Av omsyn til dei svake bestandstala ein har kunnskap om pr. dato, og med støtte i Naturmangfaldslova § 9 om føre var, vert det ikkje tildelt jaktkvote til Vest-Jotunheimen villreinområde i 2021. Villreinnemnda oppmodar om at det vert utarbeidd ny bestandsplan.

Utdjuping av vedtaka kan sendast frå villreinnemnda på oppmoding. Valdansvarlege er tilskrive pr. brev. Vedtaka kan påklagast til Miljødirektoratet innan tre veker. Evt. klage lyt vere skriftleg og skal sendast til Sogn og Fjordane villreinnemnd, adr. Sogn Naturforvaltning AS, Fresvikvegen, 6896 Fresvik.